



ALVER

K O M M U N E

Innspel til kommuneplanen sin arealdel

Innsendt	15.09.2022 18:33:36
ReferanselD	ALV0039-1045156
Innsendar	
Innspel til <input type="checkbox"/> planprogrammet <input checked="" type="checkbox"/> arealdel	
Innspel på vegne av <input type="checkbox"/> Privat person <input checked="" type="checkbox"/> Verksemd	
Virksomhet	
Organisasjonsnummer	814017702
Virksomhetens navn	Havrevågen AS
Adresse	Apalen 16
Postnr/sted	5915 HJELMÅS
Kontonummer	
Telefon til kontaktperson	45201819
E-post til kontaktperson	lars@kalasbygg.no

Arealdelen

Generelle innspel til arealdelen

Generelle innspel

Egedsopplysningar (viss aktuelt)

Gards- og bruksnummer

356/4

Ønskja framtidig tiltak/arealføremål

Skildring

Forslag til området for småbåthamn

Området i Havrevågen som blant annet dekker gbnr. 356/4 ser vi som svært eigna for etablering av småbåthamn.

Forslag til plassering er vist på vedlagte kart, som det framgår er landområdet her allereie avsett til fritidsbustad. Dette legg me til grunn at vert vidareført, noko som også er ynskjeleg frå grunneigar si side, saman med moglegheit for etablering av småbåthamn i form av felles bryggjeanlegg eller liknande.

Tilkomst til området pr. i dag er i praksis berre mogleg via sjøvegen. Me vurderer difor moglegheita for etablering av lovleg felles flytebrygge som heilt nødvendig for å få ei god og ryddig utvikling og bruk av området. Som grunneigar av heile området (sett vekk frå tomter som er bygd på) er vi i prosess for å sjå på moglegheitene for dette gjennom f.eks. fortetting av eksisterande området med etablering av felles gangstiar og småbåthamn. Det har gjennom årenes løp utvikla seg ein del stiar og private brygger i område, dette har vi dessverre ingen kontroll på, og har heller ikkje gitt samtykke til, i den tida vi har eigd arealet. På våre turar i område ser vi at ikkje alt er like godt vedlikehalde og mistenker også at ein del anlegg kanskje er litt i strid med dagens arealformål. På den andre sida har me stor forståing for at dette skjer all den tid sjøvegen i praksis er einaste tilkomst til dei eksisterande hyttene.

Skal ein få gjort noko med dette må det etablerast reelle alternativ som kan takast i bruk både for eksisterande hytter og for eventuelle nye som vert etablert. Vi ser det derfor som ein klar fordel om vi kan få avsett eit området for felles småbåthamn / bryggjeanlegg i området. På denne måten kan ein, gjerne over litt tid, få gjort ei opprydding av dei mange "private" løysingane som er i strandsona utan at ein tek i frå folk moglegheita til å bruke hytta si ved å ha klart eit reelt og brukbart alternativ.

I vedlagte kartutsnitt er det vist 2 potensielle områder, vår vurdering er at begge kan være aktuelle anten kvar for seg eller som "både og". Vi er ikkje låst med tanke på plassering og tek gjerne imot innspel på dette. Det viktigaste for oss er at det vert funksjonelt og tilpassa området på ein god måte. Det er litt avstand mellom dei eksisterande hyttene, med relativt dårlege gangstiar mellom dei, slik at å dele det over 2 mindre anlegg framfor 1 stort kan vera aktuelt å vurdere. To mindre anlegg vil også bli mindre dominerande frå sjøsida og gje moglegheit for ei trinnvis utbygging. Sjølve reguleringa kan slik vi ser det uansett gjerast i ein felles prosess slik at vi sikrar at området vert sett under eit.

Me meiner området eignar seg godt til formålet, og at det strengt tatt er nødvendig med tilrettelegging på denne måten både for å rydda opp i eksisterande situasjon, samt for å sikre ei god og ryddig utvikling av området vidare framover.

Eventuelle vedlegg

Vedlegg

Området for felles småbåthavn_kart 2.pdf

Området for felles småbåthavn_kart 1.pdf